



HOG Energi

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/268 - 16/29449

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2016

Økonomisk støtte til prosjektet «Biovekst i Hordaland»

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

HOG Energi

Jorunn K Fosse

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
124/16	Formannskapet	PS	20.10.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	16/268

Økonomisk støtte til prosjektet «Biovekst i Hordaland»

Vedlegg :

BIOVEKST I HORDALAND_søknad og prosjektplan

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- 1) Lindås støttar prosjektet «Biovekst i Hordaland» med kr 40.000
- 2) Midlane blir henta frå næringsfondet

Formannskapet - 124/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- 1) Lindås støttar prosjektet «Biovekst i Hordaland» med kr 40.000
- 2) Midlane blir henta frå næringsfondet

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn:

Lindås kommune har mottatt ein søknad om økonomisk støtte til prosjektet «Biovekst i Hordaland». Prosjektet er eit regionalt samarbeid mellom offentlige og private aktørar, og skal bidra til auka innsats for produksjon og bruk av biogass. Arbeidet i prosjektet skal vere eit innspel til Hordaland fylkeskommune sin strategi for biogass, i tillegg til å sjå på korleis ein betre kan samle inn råstoff, produsere og nytte biogass i større skala. Det er eit mål at biogass kan erstatte naturgass som blir nytta i ulike kjøretøy i dag, til dømes bussar og ferjer.

Biogass er ein karbonnøytral fornybar metangass som blir produsert av biomasse frå ulike avfallskjelder. Det gjeld biorestar frå hustomar, jordbruk og næringsmiddelindustri, avløpsslam frå kommunar, og avfall frå oppdrettsnæringa. Biogass-produksjon og bruk av biogass som drivstoff, er velprøvd teknologi som blir nytta meir og meir, særleg i kollektivtrafikken i Norge og internasjonalt. Av biodrivstoffa er biogass det mest bærekraftige alternativet, fordi produksjonen berre blir basert på bio-avfall, og er dermed det eit godt eksempel på god bioøkonomi.

For å realisere auka produksjon og bruk av biogass, er det nødvendig å legge til rette for å koordinere innsamling av ulike råstoff med utgangspunkt i kommunane og næringar som har råstoffa, som f.eks. oppdrettsnæringa. Det er også nødvendig å identifisere og støtte opp om aktuelle interessentar som kan stå for produksjon og bruk av biogass. Dette arbeidet vil være sentralt i dette prosjektet. Erfaringa frå Sverige, som er leiande i verda på produksjon og bruk av biogass, er at kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere biogassproduksjon og bruk. Kommunane har ansvar for slam, i tillegg til at det blir samla inn mykje biomasse i interkommunale renovasjonsselskap. Kommunane er også vertskap for næringar innan oppdrett, avfall, skog og underleverandører til olje- og gass.

Det er HOG Energi som er prosjekteigar og det er utarbeidd ein prosjektplan. Prosjektet sikter mot et totalt budsjett på kr. 1.650 mill. For å sikre nødvendig framdrift i det vidare arbeidet er ein avhengig av økonomiske bidrag frå dei aktuelle samarbeidspartnarane. Prosjektet søker Lindås kommune om økonomisk støtte på kr 40.000. Prosjektet skal gjennomførast i perioden nov 2016 – nov 2017. Sjå vedlagt prosjektsøknad og prosjektplan for utfyllande

Vurdering:

Lindås kommune har gjennom dialog med HOG Energi signalisert at ein ønskjer å bidra aktivt i dette prosjektet, og at Lindås er ein av 7 kommunar som bidrar. I tillegg skal Hordaland Fylkeskommune, Gassnor, Lingalaks og Høgskulen i Bergen delta. Det å bidra til å utvikle nye former for miljøvenleg drivstoff er eit spennande og framtidsretta arbeid, og det er kan bidra til næringsutvikling, auka verdiskaping og lågare utslepp i transportsektoren.

Prosjektet søker om økonomisk støtte på kr 40.000 frå Lindås kommune og det er naturleg å vurdere bruk av næringsfondet til ein slik søknad. Føremålet med næringsfondet er å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Målet er å skape fleire nye arbeidsplassar og bedrifter, samt utvikle eksisterande verksemder. Fondet gir primært støtte til bedriftsutvikling/etablering, og skal mellom anna støtte tiltak som fremjar nyskaping og innovasjon.

Rådmannen meiner det er grunnlag for å støtte søknaden på kr 40.000 til prosjektet «Biovekst Hordaland», då prosjektet skal danne grunnlag for ny verdiskaping gjennom nyskaping og innovasjon. Støttebeløp under 50.000 kan avgjerast administrativt, men i retningslinene for næringsfondet står det at «Støtte blir gitt til verksemder som har kontoradresse i Lindås, og til bedrifter som planlegg å etablere seg fysisk i kommunen». HOG Energi har kontoradresse i Bergen og stettar dermed ikkje kravet i retningslinene. Søknaden blir dermed lagt fram for politisk handsaming for endeleg avgjerd. Rådmannen anbefalar at søknaden blir stetta og at det blir løyvd kr 40.000 frå næringsfondet.